

Visitaforedrag ved bispevisitas i Aurland og Lærdal 21.–23. og 26. mars 2017

Kjære kyrkjelydar!

Takk for flotte møte med «Folkekyrkja Sogn» her i Aurland og Lærdal! Eg har fått høyre at kyrkja står sterkt og er ein naturleg del av livet for dei fleste i bygdene. Det har vore fine visitasdagar i to kommunar med felles trusopplæring og felles utfordringar. Eg har hatt mange gode møte med tilsette, råd og frivillige, elevar, lærarar og kommuneleiing. Og det har vore oppmuntrande å sjå kva de får til med de utfordringane som fins her.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitaforedrag. Og dette foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og prost Kjetil Netland.

Gudsteneste

Eit særtrekk ved folkekyrkja i Sogn er at folk er glade i kyrkjebygga og gjerne går dit når det er kyrkjelege handlingar. Her høyrer de til. Dei fleste born vert døypte og konfirmasjonsdeltakinga er stor. Og når det skjer noko ekstra i kyrkja er frammøtet godt. Det er flott og gledeleg. Men samtidig må vi løfta fram den vanlege gudstenesta som gjennom ein rik liturgi, gode salmar og sine bibeltekster og forkynning gjev oss næring til trua og livet.

Vi lever i det landet som vert rekna som det lukkelegaste i verda. Materielt sett har vi alt vi treng. Men vi veit òg kor sårbart livet er. De har de fått oppleve mange gongar dei siste åra. Når slike ting skjer, kjenner vi at vi treng Gud. Gud vil vere vår Far alle dagane: I kyrkja samlast vi for å be til han og høyre hans Ord. Og han innbyr oss til å ta imot den gåva som nattverden er. I nattverden vert evangeliet lagt i handa til kvar einskild.

Så sterkt eg kan vil eg be dykk om å la kjærleiken til kyrkja koma til uttrykk ved at de også går i kyrkja dei vanlege søndagane, der ikkje noko spesielt skjer, fordi det er der i kyrkja de høyrer til. Eg vil oppmode dykk til i å reise til nabokyrkja når det ikkje er gudsteneste i dykkar lokale kyrkje. Der skjer det same, og det er difor vi har ein felles liturgisk ordning, fordi det vi samlast om er felles. Lærdal er enno ikkje heilt ferdig med godkjent lokal gudstenesteordning og liturgi. Dette må de få på plass innan eit halvt år. I denne prosessen vil bispekontoret gjerne vere til hjelp, om de treng det.

Trusopplæring

Det som har skapt folkekyrkja i Sogn og dei gode tradisjonane er at borna i kvar generasjon har fått læra om Jesus og bli kjent med kyrkja si. Eg vil gje skryt til trusopplæringa her i Aurland og Lærdal. Det er tiltak for dei fleste alderstrinn med både babysong og barnekor, tårnagentar og juniorkonfirmantar og meir til. Flaggskipet er leiren på Nesholmen. Det er eit flott trusopplæringstiltak som samtidig også er leiartrening for eldre ungdom.

De samarbeider om ei trusopplæringsstilling. Det er klokt og framtidsretta, og de prioriterer heilt rett når begge fellesråda bidrar ekstra slik at det vert ein full stilling. Det er viktig at denne stillinga kan halde fram slik at den gode trusopplæringa går vidare.

Skule-kyrkjesamarbeidet

Ei av dei store opplevingane under visitasen var den flotte gudstenesta i Borgund stavkyrkje på torsdag. Elevar frå Ljøsne skule og Borgund skule hadde kledd seg i mellomalderdrakter og las teksten og fadervår på gamalnorsk og var med å gje det heile ei autentisk stemning. For ein skatt det er for bygda å ha ei slik kyrkje og slike ungdomar! På møtet med lærarane etterpå var det sagt mykje godt om samarbeidet mellom kyrkje og skule. Dette samarbeidet kan gå bli enda betre dersom ein set seg ned saman og lagar ein plan med eit årshjul for skulegudstenester, omvisingar og andre samarbeidstiltak.

Diakoni

Det skjer mykje godt omsorgsarbeid her ei bygdene gjennom blant anna Røde Kors og Sanitetsforeininga og ein stor dugnadsaktivitet. Eg skjønar at det då ikkje er nærliggande for kyrkja å lage diakonale tiltak som kan opplevast som konkurrerande. Likevel er det viktig at ein kan synleggjera kyrkja sitt diakonale liv. Kyrkja si forkynning med ord treng å bli følgt opp av kyrkja si omsorg i handling. Dette kan godt skje i samarbeid med andre gode krefter. Difor vil eg oppmode dykk til å ta fram igjen diakoniplanane som no ligg i skuffen, og sjå korleis de kan styrke diakonien som ein naturleg del av kyrkja si teneste i bygda.

Desse to kommunane har på nokre få år opplevd alvorlege tunnelbrannar, skadeflaum og storbrann. Og fordi de har stor ferdsel i vill natur, er det diverre mange ulukker i desse bygdene. Eg vil takka for det viktige arbeidet som de har gjort i dei krisene som både Aurland og Lærdal har vore gjennom dei siste åra. I møtet om kriseberedskapen på onsdag fekk eg høyra om korleis dei ulike etatar og kyrkje arbeidde godt saman. Dette er typisk for Sogn og Fjordane og noko ein må ta med seg vidare.

Eg fekk òg høyre om korleis de har takla gyro-sjukdomen på Lærdalslaksen, og om den skrantesjuka som no trugar reinstamma i Nordfjella. Gud er skaparen som held opp livet på jorda. Vi kan be til Han for skaparverket, og arbeide for å minske dei klimaendringane som påverkar jorda og oss som bur her.

Misjon

Kristendomen kom til Lærdal og Aurland som eit resultat av misjon. Nokon drog hit for å gje oss den gode budskapet om Jesus Kristus. Kyrkjene her vart påbegynt så tidleg som 150 år etter slaget på Stiklestad. Difor er det berre naturleg at dei to fyrste misjonsforeiningane i Sogn og Fjordane var Lærdalsøyri misjonsforeining og Hafslo misjonsforeining, stifta i 1848, berre seks år etter stiftinga av Det norske misjonsselskap. Det er heller ikkje så svært mange år sidan Aurland hadde fleire aktive misjonsforeiningar og årleg misjonsstemne i

Aurlandsdalen. Denne gode tradisjonen vonar eg at sokneråda kan føre vidare, i det minste ved å gje takkoffer til misjonsarbeid i andre land, slik det skjer i gudstenesta i dag. Evangeliet som vi har fått, må vi gi vidare.

Det aller beste er om de får vere med i eit eige misjonsprosjekt i regi av prosjektet «Samarbeid Menighet og Misjon» som er et formelt samarbeid mellom Den norske kyrkja og misjonsorganisasjonane. Kanskje skulle Lærdal og Aurland gå saman og finne eit slikt prosjekt som de finn de vil vere meiningsfullt å støtte? Eg oppmodar sokneråda til å gå vidare med dette, og bispedømekontoret hjelper dykk gjerne i denne prosessen. Og så må også misjonen få sin plass i forkynninga og i trusopplæringa.

Gjevarteneste

Alle kyrkjeoffer kan ikkje gå til vår eigen verksemd, vi må også sjå utover og sjå at vi er ein del av ei verdsvid kyrkje, og gje til diakoni, naudhjelp og misjon. Men kyrkjelydane treng også pengar utover offentlege løyvingar for å driva blant anna trusopplæring. Det vi får frå stat og kommune til stillingar skal vi vera takksame for, men det er ikkje nok for ei kyrkje som vil noko. Då trengs det ei gjevarteneste.

Dugnad har alltid prega folkekyrkja i Sogn. Mange gjer ein innsats for kyrkja si og viser med malarkost eller kaffikanne at kyrkja er viktig for dei. Gjevarteneste er ei anna form for slik dugnad. Tenk om alle dei som ser verdien av eit godt barnarbeid, til dømes foreldre og besteforeldre, kunne gje eit bidra direkte til barnarbeidet i kyrkja, som dei ser at ungane har glede av. Det trur eg mange kunne tenke seg, for det er lettare å gje til det ein ser.

Difor vil eg sterkt oppmoda dykk om å forkynna fram gjevargleda og å laga ei målretta gjevarteneste slik at folk kan gje til det som står deira hjarta nærast. Det gjer det enklare å planlegga og ein kan få til meir. Det er mykje pengar i både i Aurland og Lærdal, men dei ligg i lommene til medlemmene. Nokre av desse pengane må setjast i omløp for arbeidet i kyrkja. Det er framtida for folkekyrka i Sogn.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunane og ordførarane i Aurland og Lærdal for gode møte og for at de reknar med kyrkja som ein viktig medarbeidar for å byggja gode lokalsamfunn. Det vert sett pris på og lagt merke til at de begge ordførarane har prioritert å vera med på fleire arrangement under visitasen, og at de gjev så klart uttrykk for at kyrkja er viktig for aurlendingar og lærdøler.

Vi forstår at økonomien er strammare enn tidlegare; og no er det særleg Lærdal som har store økonomiske utfordringar. Dette har ramma kyrkja svært hardt dei siste åra. Difor håpar vi at ein kan koma tilbake til det nivået der ein var før, så ein slepp å skjera ytterlegare ned. Eg er difor glad for at Lærdal kommune i vårt møte med dei inviterte til ein tidleg dialog om budsjettet for neste år.

Takk

Til slutt vil eg takka dykk alle for ein god visitas med mange gode opplevingar! Takk til dykk som har vore med å gjera i stand, ikkje minst sokneprestane, sokneråda, stabane og kyrkjevevjene skal ha takk for god tilrettelegging. Takk for to opplysende og oversiktelege visitasmeldingar. Aller mest takkar eg for det engasjementet og den innsatsen som stabane gjer dag for dag saman med friviljuge medarbeidarar for Guds rike.

Takk også til prosten som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen og er biskopens utstrakte arm til Aurland og Lærdal når eg ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som summerer opp denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig fordi det er der de høyrer til. Lag gode gudstenester med forkynning av evangeliet og kyrkja sin rike felles liturgi.
- Det må lagast planar for samarbeid mellom kyrkje og skule
- Diakoniplanane må fornyast.
- Set misjon på dagsorden: Gje takkoffer til misjon i gudstenestene og vurder å gå saman om eit misjonsprosjekt.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste for trusopplæringa, og forkynn fram gjevargleda.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Aurland og Lærdal med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg takkar for måten de har møtt meg på, og eg vonar at stadig fleire kan få oppleve at dei høyrer til i kyrkja, og kjenne gleda over å ha ei kyrkje i bygda og ein god bodskap for livet.

Eg ynskjer Guds rike velsigning over kyrkja og folket i dei vakre landskapa her i Aurland og Lærdal!

Bjørgvin bispestol, 26. mars 2017

Halvor Nordhaug